



Arkivnr: 2015/12196-4

Saksbehandlar: Bjørg Larsen, Arne Åsan, Marianne Haaland, Per Nordmark, Elin Golten,
Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		10.03.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.03.2016
Fylkesutvalet		17.03.2016

Barn som lever i fattigdom

Samandrag

Jf fylkesordføraren sitt svar på interpellasjon frå Iril Schau Johansen (H) i fylkestinget 8. – 9. desember 2015:

«...fylkesordføraren rår til at Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom vert lagt fram for både utval for opplæring og helse og for utval for kultur, idrett og regional utvikling som eiga sak, og at ein tek stilling til korleis Hordaland fylkeskommune kan arbeide med born og unge som lever i fattigdom.»

Føreliggjande sak er ei oppfølging av fylkesordføraren si tilråding.

9% av alle innbyggjarar i Hordaland under 18 år lever i låginntektshushald (om lag 10 000 barn/unge). Talet har auka dei siste åra. Barn med innvandrarbakgrunn utgjør over halvdel av alle barn i økonomisk utsette familiar. Lågare arbeidsdeltaking i innvandrarfamiliar, lågare utdanningsnivå og lågare gjennomsnittleg lønn er mellom årsakene. At barnetrygda ikkje har auka i takt med prisstiging, er ei anna årsak til barnefattigdom.

Norsk forskning viser at det er samanheng mellom dårleg familieøkonomi og låg kroppshøgde, overvekt, åtferdsproblem, søvnnvanskar, psykosomatiske plager og ADHD-diagnosar hos barn. I følge kunnskapsgrunnlaget for regjeringa sin strategi går det fram at barn og unge i låginnteksgruppa har høgare risiko for ikkje å fullføre vidaregåande utdanning, ikkje delta i sosiale og kulturelle aktivitetar, ikkje reise på ferie og å bli utsett for mobbing. I 2011 stod i underkant av 7 % i aldersgruppa 16-30 år utanfor arbeidslivet og hadde heller ikkje fullført vidaregåande opplæring, viser ei SSB-analyse om ungdom sine levekår. Ein mindre del av dagens ungdom (15-29 år) vert sikta for vinnings- og trafikkbrotsverk no enn for 20 år sia, medan det er ein auke i narkotika- og seksualbrotsverk. Alle rapportar og undersøkingar viser at barn/ungdom ikkje ønskjer å bli stigmatisert som fattig. Samstundes ønskjer dei tilgang til billige eller gratis aktivitetar der dei kan delta.

I regjeringa sin strategi mot barnefattigdom legg ein til grunn at innsatsen særleg må skje i kommunane. Det vert peika på fleire tiltak som skal gje kommunane meir kompetanse og betre verktøy i arbeidet med å gjere kvardagen lettare for barn i fattige familiar. Friviljuge organisasjonar, særleg barne- og ungdomsorganisasjonar, vil bli trekt inn i oppfølgingsarbeidet. Det same vil KS.

I oppfølginga av strategien er ikkje fylkeskommunane nemnde. Fylkesrådmannen ser likevel fleire aktuelle felt der Hordaland fylkeskommune kan bidra. Tiltaka fell innanfor fleire sektorar og saka er difor utarbeidd av Kultur- og idrettsavdelinga i samråd med avdelingane Tannhelse, Opplæring og Regional. Mobbeombodet har gjeve innspel.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til etterretning og legg til grunn at det vert teke omsyn til barn og unge som lever i fattigdom gjennom tilrettelegging av Hordaland fylkeskommune sine tenester.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.01.2016

Bakgrunn for saka

Jf interpellasjon frå Iril Schau Johansen (H) i fylkestinget 8. – 9. desember 2015 (vedlegg) og svar frå fylkesordføraren (vedlegg):

«...Fylkesordføraren rår til at Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom vert lagt fram for både utval for opplæring og helse og for utval for kultur, idrett og regional utvikling som eiga sak, og at ein tek stilling til korleis Hordaland fylkeskommune kan arbeide med born og unge som lever i fattigdom.»

Fylkesrådmannen legg til grunn at handsaming av saka i to av underutvala vert ført vidare til vedtak i fylkesutvalet.

Fattigdom og barn og unge:

Barn og unge som lever i fattigdom, er rekna som eit betydeleg nasjonalt samfunnsproblem.

9 % av alle innbyggjarar i Hordaland under 18 år lever i låginntektshushald (om lag 10 000 barn/unge). Talet har auka dei siste åra. Barn med innvandrarbakgrunn utgjør over halvdel av alle barn i økonomisk utsette familiar. Lågare arbeidsdeltaking i innvandrarfamiliar, lågare utdanningsnivå og lågare gjennomsnittleg lønn er mellom årsakene. At barnetrygda ikkje følgjer prisstiginga, kan vere ei anna årsak til barnefattigdom.

Norsk forskning viser samanheng mellom dårleg familieøkonomi og kroppshøgde, overvekt, åtferdsproblem, søvnavanskar, psykosomatiske plager og ADHD-diagnosar hos barn. I følge kunnskapsgrunnlaget for regjeringa sin strategi går det fram at barn og unge i låginnteksgruppa har høgare risiko for å ikkje å fullføre vidaregåande utdanning, ikkje delta i sosiale og kulturelle aktivitetar, ikkje reise på ferie og å bli utsett mobba. I 2011 stod i underkant av 7 % i aldersgruppa 16-30 år utanfor arbeidslivet og hadde heller ikkje fullført vidaregåande opplæring, viser ei SSB-analyse om ungdom sine levekår. Ein mindre del av dagens ungdom (15-29 år) vert sikta for vinnings- og trafikkbrotsverk no enn for 20 år sia. Men, aldri før har så mange ungdommar og unge vaksne blitt sikta for narkotika- og seksualbrotsverk.

Alle rapportar og undersøkingar viser at barn/ungdom ikkje ønskjer å bli stigmatisert som fattig. Samstundes ønskjer dei tilgang til billige eller gratis aktivitetar.

Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom (2015-2017) – Barn som lever i fattigdom

I mai 2015 kom Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom (2015-2017). Arbeidet med strategien er koordinert av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, i samråd med Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Kulturdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Friviljuge organisasjonar og KS har gjeve innspel underveis. Det same har barn gjennom egne høyringar, arrangert av Redd Barna og via Barneombodet.

Fylkeskommunane og kommunane har ikkje fått tilsendt strategien på høyring og har heller ikkje delteke i utarbeidinga. Den er dermed ikkje gjeve lokal- eller regionalpolitisk forankring, men må sjåast som regjeringa sin eigen strategi i perioden 2015-2017. Slik sett vil den verke styrande for departementa sin innsats, men er ikkje ein politikk som gjev nasjonale føringar for offentlege styremakter, slik til dømes ei Stortingsmelding gjer.

Friviljuge organisasjonar som er rørte av temaet, særleg barne- og ungdomsorganisasjonane, vil bli trekte inn i oppfølgingsarbeidet. Det same vil kommunal sektor via KS. Regjeringa legg til grunn at innsatsen mot barnefattigdom særleg må skje i kommunane, og i strategien ligg det fleire tiltak som vil gje lokalestyresmakter meir kompetanse og betre verktøy i sitt arbeid med å gjere kvardagen lettare for barn i fattige familiar.

Strategien sine innsatsområde:

Strategien legg opp til tematiske satsingar på følgjande innsatsområde:

1. *Forebygge ved å styrke utsatte barnefamilier*
2. *Gjennomføre utdanningsløp – barnehage og skole*
3. *Deltakelse og inkludering – fritid, kultur og idrett*
4. *Et godt helsetilbud til alle barn og unge*
5. *Tilgang til arbeidslivet for ungdom og foreldre*
6. *Forskning og statistikk*
7. *Ansvars- og kompetansedeling: stat, kommune og frivillig sektor*

Hordaland fylkeskommune og oppfølginga av strategien

I oppfølging av strategien er ikkje fylkeskommunane nemnde. Ei rekkje av tiltaka peikar likevel på samspelet mellom offentleg sektor og sivilsamfunnet og knyter innsatsen mot barnefattigdom tett saman med tenesteproduksjon og oppgaveløysing i kommunal sektor. I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 er inkludering eit viktig innsatsområde, jf pkt 5.2 *Formidling og deltaking*. Vedteken kulturpolitikk gjev grunnlag for eit systematisk arbeid for å fjerne fysiske, mentale og økonomiske hinder for deltaking. Deltaking i kulturlivet er ein måte å høyre til i samfunnet. Mobbing av barn/unge har fått stor merksemd i media i dei siste åra. HFK har difor etablert eige mobbeombod. I vidaregåande skule kan born og fattigdom kan vere eit problem med stort omfang.

Fylkesrådmannen ser dermed fleire aktuelle felt der Hordaland fylkeskommune (heretter kalla HFK) har ansvar og kan bidra. Tiltaka fell innanfor fleire sektorar og saka er difor utarbeidd av Kultur- og idrettsavdelinga i samråd med avdelingane Tannhelse, Opplæring og Regional utvikling. Mobbeombodet har gjeve innspel. I saka vert dei aktuelle tiltaka i regjeringsstrategien refererte med fylkesrådmannen sin kommentar.

Tiltak 22: Arbeid mot mobbing og for eit betre læringsmiljø i skulen

Barn/unge som lever i fattigdom, er noko meir utsette for mobbing. Å arbeide for gode, inkluderande læringsmiljø er viktig. Djupedal-utvalet understrekar at normene i eit felleskap også har tyding for andre; normene definerer kven som er innanfor og utanfor fellesskapet. T.d kan elevane definere statusen for klær, mobiltelefonar og anna. Elevar med foreldre som ikkje har råd til å kjøpe slike statussymbol ting kan falle utanfor. Forsking viser vidare at «rike barn leikar med flest». Skulane må gjennom førebyggjande arbeid ta tak i desse utfordringane (NOU 2015:2, s158).

I styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland for 2016-2018 vert det lagt stor vekt på det psykososiale skulemiljøet. Regjeringa arbeider no med utgreiinga til Djupedal-utvalet og vil bruke den som eit viktig grunnlag for ny politikk for eit godt læringsmiljø og korleis ein skal jobbe mot mobbing. Hordaland fylkeskommune vil følgje opp det som blir lagt fram frå Kunnskapsdepartementet i samband med utgreiinga.

Tiltak 24: Program for bedre gjennomføring i vidaregåande opplæring

Opplæringsavdelinga har utarbeidd rapport over tiltak som er sette i gang for å hindre fråfall i vidaregåande skular i Hordaland.

Kompetanseheving

- Yrkesretting av fellesfag
- Kurs i Grunnleggande ferdigheiter
- Tilbod om skulebasert kompetanseheving for heile eller delar av personalet
- Kompetanseheving av lærarar som underviser minoritets-språklege elevar

Overgang frå grunnskulen - identifisering og kartlegging i samarbeid med kommunane

- Systematisk samarbeid med kommunane
- Styrke og tydeleggjere krava til leiarrolle i arbeidet med identifisering, kartlegging og oppfølging for å nå målet om auka gjennomføring.
- Rettleiingsdokument "Blikk for alle, fokus på den enkelte", som sett tydeleg krav til leiinga om kartlegging og oppfølging av elevane.
- Rådgeving og overføringsmøter

Kartlegging og oppstart av eit tilpassa opplæringsløp

Alle elevane på VG1 blir kartlagt med ulike kartleggingsverktøy i faga engelsk, norsk og matematikk. Føremålet med kartleggingsprøver er å undersøkje om det er enkeltelevar som treng ekstra oppfølging i ferdigheiter og fag.

Skulane gjennomfører startsamalar med alle nye elevar. Gjennom desse samtalanane vil kontaktlærarane få eit godt bilete av elevane og eventuelle utfordringar dei måtte ha.

Konkrete tiltak retta mot ulike målgrupper

- Studieverkstad
- Minoritetsspråklege elevar
- Tiltak for elevar i påbyggklassar
- Leksehjelpen
- Nettundervisning
- Sommarskulen

Konkrete tiltak i fag- og yrkesopplæringa

- Vekslingsmodellen
- Styrking av samarbeidet skule – arbeidsliv
- Lære kandidatordninga
- Praksisbrev
- Yrkesretting av fellesfaga
- Konferansen "Rett kompetanse"
- Påbygg for elevar som er ferdig med læretida
- Ressursteam for fagopplæring
- Kvalifiseringsprogram
- Vegen vidare for å få læreplass

Vegen tilbake for dei som har slutta

- #GAMEPLAN er eit gruppetilbod som vert drive av OT. Målsetjinga er å avklare ungdom som treng tett oppfølging og ikkje er klar for andre tilbod, og er ein prekvalifisering før avklaring og klargjering.
- Hyssingen produksjonsskule skal gje ungdom under 21 år motivasjon, moglegheit og kompetanse til å gjennomføre ei vidaregåande utdanning eller klare seg på arbeidsmarknaden.
- NAV sitt Ungdomsmottak i Bergen har vore eit samarbeid i med OT i Ny Giv satsinga sidan 2011. Satsinga skal sikre eit alternativt tilbod så tidleg som mogleg og hindre tilleggsproblematikk.
- OT samarbeider med Regionalavdelinga i HFK om tilbodet Erasmus+ og Aktiv Ungdom.
- Truckførar-kurs på Hjeltnes vgs.
- Avklarings-samtaler for skulesluttarar.
- OT har inngått ein avtale med Årstad vgs om å ta inn OT-ungdom i studieverkstad.

Statistisk oppfølging

HFK har kjøpt inn PULS til alle skulane. Puls er eit analyseverktøy som set saman ulike tabellar mellom anna i elevundersøkinga. I PULS har og skulane moglegheit til å halde seg oppdatert om sluttarar og karakterutvikling slik at dei har moglegheit til å jobbe meir systematisk med utviklingsarbeid og elevane si utvikling

Antidopingtiltak

Det er stort press på unge med krav om å lukkast på alle område: ein skal prestere på skulen med gode karakterar, gjere det bra i fritidsaktivitetar, ha mange vener, og ha god utsjånad/kropp. Kroppsfokus fører gjerne med seg treningspress, krav om å ete sunt og å vere medlem på treningscenter. Kostnadene for dette lukkar ute medlemmene av låginntektsfamiliar. Fleire rapportar viser at mange i staden nyttar doping som kompensasjon. Erfaringa viser det er ein auke i narkotikakriminalitet i denne gruppa. Dermed vert medvite arbeid og undervisning i antidoping i vidaregåande skule viktig. I dag vert dette arbeidet samordna med arbeidet med *Rein idrett* i regi av Hordaland Idrettskrets.

«Gratis-prinsippet» i skulen kan drøftast, kva kostar det eigentleg å gå på skule, kva er det dei treng for å henge med, kva med sosiale men faglege aktivitetar som kostar pengar? Dette betyr at dei får alt dei treng for delta på undervisning og gjere lekser. På idrettslinje/toppidrettslinje må det gjelde same prinsipp, ref Lillehammer som har hatt ein stor debatt om foreldrebetalt idrettstilbod i fritimar på idrettslinja. Eller tilsvarende på Amalie Skram der elevane på idrettslinje må betale kr 1 000 - 2 000,- for å delta på ski (undervisning).

Tiltak 26: Losfunksjoner for ungdom

Målgruppa er ungdom i alderen 14-23 år som står utanfor, eller står i fare for å hamne utanfor, skule og arbeid. Innsats rettast mot ungdom der høgt skulefråvær eller manglande skuletilknytning har samanheng med utfordringar som manglande støtte frå foreldre, manglande sosialt nettverk og helseproblem. Kommunar (fylkeskommunar?) kan få støtte til å tilsette personar (losar) som skal ha ansvar for å gje ungdom oppfølging, hjelpe ungdommane i kontakt med nødvendige hjelpetenester og bidra til at hjelpa som vert gitt i skulen eller av andre aktørar er tilrettelagt. HFK har ikkje særlege tiltak under Losfunksjonar for ungdom.

Tiltak 34: Inkludering i idrettslag

Dette vert også kalla Storbyprosjektet og omfattar i dag 11 av dei største byane i Noreg. Tilskotet skal nyttast til tiltak retta mot barn og ungdom med innvandrarakgrunn – med særleg vekt på jenter, barn og ungdom frå familiar med låg betalingsevne. Idrettslag som har fått midlar har utvikla tilbod i form av open hall og andre lågterskeltilbod. Kultur- og idrettsavdelinga gjev og tilskot til open hall gjennom: «Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom». Prosjekt som kan støttast er e) tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom.

Strategiutvalget for idrett som er leia av Jan Åge Fjørtoft, skal og kome med si uttale 1. kvartal 2016. Dersom dette blir sendt på høyring til fylkeskommunane, må vi sjå til at barn i fattigdom får sine tiltak.

Idrettshallar/gymsalar på vidaregåande skular i Hordaland er gratis å låne for idrettslag. Dette inneber at idrettslaga som kan nytte desse, ikkje treng å auke medlemskontingenten. Det fører til at fleire har råd til å delta på aktivitetar i regi av idrettslaga.

Tiltak 36: Folkebibliotek

Folkebiblioteka er viktige møtestader i kommunane. Biblioteka er opne lærings- og kulturarenaer og fyller ei viktig demokratifunksjon når dei føremidlar opplysning, kultur og kunnskap for alle. Lesestimulering, leksehjelp og integrering er eksempel på samarbeid med friviljugheita. Biblioteka tar initiativ til og organiserer ei rekke aktivitetar som lesesirklar, skrivekurs og ungdomsverkstader. Fylkesbiblioteket styrkjer biblioteka i fagleg utvikling, og i endring og utvikling av kompetansen til dei bibliotektilsette. Gjennom dette arbeidet sørgjer fylkesbiblioteket for å betre tilbodet biblioteka gjer til sine brukarane.

Fylkesbiblioteket

- er bibliotekfagleg rådgivar for kommunane og biblioteka i vidaregåande opplæring
- utviklar og oppdaterer kompetansen hjå bibliotektilsette i fylket gjennom strategisk arbeid, kurs, konferansar og andre kompetansehevande tiltak.
- sikrar innbyggjarane i Hordaland tilgang til e-bøker i folkebibliotek og vidaregåande skular
- utviklar fem regionale biblioteksamarbeid, som omfattar 32 kommunar

- initierer, leiger, finansierer og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i Hordaland
- har medansvar for litteraturen i Den kulturelle skolesekken i Hordaland
- organiserer og del-finansierer ei transportordning mellom bibliotek
- driftar bokbåten i samarbeid med Møre og Romsdal fylkesbibliotek.
- utviklar biblioteknettstader i fylket i samarbeid med bibliotektilsette og ulike fagmiljø i landet

Tiltak 38: Frivillig arbeid for å forebygge ensomhet og bidra til sosial inkludering

Regjeringa vil ta initiativ til ei informasjonssatsing saman med friviljuge organisasjonar for å førebygge einsemd gjennom t.d. gode nærmiljø og leggje til rette for møteplassar. Dette har relevans for fylkeskommunen sitt arbeid med utvikling av attraktive regionsenter.

Tiltak 39: Fritidsaktiviteter for alle»

Målet til regjeringa er at alle barn, uavhengig av foreldra sin økonomi, skal ha høve å delta i minst ein organisert fritidsaktivitet saman med andre. Barn i fattige familiar ønskjer ikkje å bli stigmatisert, men vil ha tilgjenge til billige eller gratis aktivitetar. Det er vanskeleg for HFK å påleggje t.d. organisasjonar å ha gratis aktivitetar. Kultur- og idrettsavdelinga i HFK har ei tilskotsordning: Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom. Gratis inngong, td i musea eller andre institusjonar er eit relevant tiltak, men krev økonomisk tilrettelegging. I eksisterande tilskotsprdnigar vil det desustan vere mogeleg å justere kriteria med ei positiv vektning av lavterskel tilbod.

FRIGO, Friluftssenteret i Gamle Oslo, er døme på tiltak som regjeringa vil ha meir av. Regjeringa gir mellom anna 10 millionar kroner meir til tilskotsordninga som finansierer fritids- og ferieaktivitetar for barn. Dei har t.d. lånt ut 20 000 par ski i året.

Ei av dei viktigaste kultursatsingane og kulturoppgåvene fylkeskommunen har, er formidlinga av kunst- og kulturtilbodet til skulen Den kulturelle skolesekken er eit tilbod til *alle* barn i skuletida. Dette skal sikre at alle barn – uavhengig av foreldra si inntekt eller interesse – får oppleve profesjonell kunst. Det er spesielt viktig for barn som kjem frå familiar som ikkje nyttar kunst- og kulturtilbod på fritida. Dei vil - i tillegg til den einskilde kunstopplevinga – også få innblikk i kva ein kan oppleve og delta i også i fritida.

UKM (Ung Kultur Møtes) har utvikla seg til å bli det som i dag er å rekne som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. Hordaland fylkeskommune har ansvar for arbeidet med utvikling av UKM Hordaland og har ansvar for at UKM-festivalen i Hordaland vert avvikla kvart år. All ungdom mellom 13 og 20 år i Hordaland kan melde seg på UKM som er ein gratis arena for ungdom å delta på lokalt, regionalt og nasjonalt plan. Under UKM-festivalen i Hordaland er det gratis inngang for alle publikummarar under 20 år.

Tiltak 45: Program mot sosial ulikhet i tannhelse

I Lov om tannhelsetenesta §1-1 står at «fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetjenester, herunder spesialisttjenester, i rimelig grad er tilgjengelige for alle som bor eller midlertidig oppholder seg i fylket.» Lova seier vidare i §1-3 at tannhelsetenesta sitt tilbod skal «være regelmessig og oppsøkende».

Barn og unge i alderen 0 til og med 18 år er for tannhelsetenesta ei prioritert gruppe som har rett til gratis tannbehandling på offentlig tannklinikk. Lova sikrar med dette at tannhelsetilbodet skal vera likt i heile fylket uavhengig av økonomi, bustad eller sosial status.

Tannhelsa hos barn og unge i Hordaland er god, og blir stadig betre. I 2014 hadde 82% av 5-åringane i Hordaland aldri hatt karies (hol) i tennene sine. For 12-åringar i Hordaland var talet 57%, og for 18-åringar 18%. Sjølv om gjennomsnittstala er gode, er det likevel i kvart årskull ei lita gruppe som har til dels store tannhelsemessige utfordringar.

Tannhelse er ein sikker sosial indikator. Store tannhelsemessige utfordringar er ofte eit symptom på anna sjukdom eller sosiale utfordringar. For å gje eit godt regelmessig og oppsøkande tannhelsetilbod til alle har det difor for tannhelsetenesta i Hordaland vore viktig å etablera gode samhandlingsrutinar med andre delar av helse- og sosialtenesta.

For å sikre dette har tannhelsetenesta i Hordaland inngått skriftlege samarbeidsavtalar i alle kommunar med:

- Helsestasjon og skulehelsetenesta
- Helse- og sosialtenesta
- Psykisk helseteneste
- Barnevernstenesta
- Statlige mottak
- PU-tenester (personar med psykisk utviklingshemming)
- Sosialtenesta/rusomsorga

Avtalane omhandlar og klargjer ansvarsområde og kontaktpersonar. I avtalane forpliktar alle partar seg til at det skal vera minst eit samarbeidsmøte kvart år.

Ei anna utfordring er barn og unge som ikkje møter til avtala time på tannklinikken. For å oppfylla lovkravet om «eit oppsøkande tilbud» har tannhelsetenesta i Hordaland utarbeidd skriftlege rutinar på korleis tannhelsepersonell skal handtera det, t.d. skal pasient/føresette kontaktast pr telefon same dag som dei ikkje har møtt. Om dei ikkje oppnår kontakt korkje pr telefon eller pr brev, eller om dei uteblir fleire gonger til avtalt time, blir det sendt bekymringsmelding til barnevernet.

Når tannhelsepersonell får mistanke om overgrep og/eller omsorgssvikt, skal slike tilfelle meldast til barnevernet. I 2014 vart det sendt 83 slike meldingar frå tannhelsetenesta i Hordaland til barnevernet.

Tiltak 48: Prosjekt for økt gjennomføring av videregående skole

Nord-Trøndelag fylkeskommune prøver ut ein modell der oppfølgingstenesta i fylkeskommunen kjøper tenester frå attføringsbedrifter eller andre med tilsvarende kompetanse. Dette er for å få fleire unge utanfor opplæring og arbeid tilbake i utdanning. Er dette noko som HFK kan prøve ut i tillegg til det som er nemnt under Tiltak 24 – Hysingen produksjonsskule?

Tiltak 49: Forsøk med NAV-veiledere i videregående skole

I 2015 er det sett i gang forsøk med NAV-retteleiarar i vidaregåande skule. Det er totalt 28 skular i landet, i Hordaland er Årstad vgs med i forsøket. NAV samarbeider med skulesektoren for å førebygge fråfall og hjelpe elevar med å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Tiltak 54: Minioritetsjenter og idrettsdeltakelse

Kultur- og idrettsavdelinga har gjennom fleire tilskotsordningar der fleirkulturell inkludering vert prioritert. Døme er Ordninga Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom. Prioriterte prosjekt i tilskotsordninga er: c) tiltak retta mot inkludering av fleirkulturelle gjennom idrett og friluftsliv. Det er høve å prioritere minioritetsjenter, men da må dette vere frå 2017 med nye retningslinjer for tilskotsordninga.

Tiltak 63: Forenkling av tilskuddsordningar for frivillige organisasjoner

I tiltaket står det at det arbeidast med å forenkle tilskotsordningar for friviljuge organisasjonar. Det pågår og eit arbeid i Kultur- og idrettsavdelinga i HFK med å forenkle tilskotsordningar og søknadsskjema.

Regionalavdelinga har utarbeida planforslag til Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Tiltak 64: Tilskudd til gode oppvekstmiljø og trygge lokalsamfunn

Her vil det bli ei eige tilskotsordning for å styrke organisasjonar som gjør eit godt førebyggjande arbeid for utsette barn og ungdom.

HFK bør bidra til gode oppvekstmiljø og trygge lokalsamfunn for alle born og unge gjennom sin samla politikk, ma tilgang på gode areal og tilbod som er gratis, tenlege møteplassar for alle og kommunale og fylkeskommunale tenester som er likeverdige tilbod til alle.